

KS-042/10 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 framlegg til endring av § 7 i føresegnene i ”Reguleringsplan på Frekhaug for Trysil systemhus og Meland kommune” ved at ordlyden vert erstatta med:

For kvar bueining skal det vere minst 1,5 oppstillingsplassar for bil på eigen grunn eller i fellesanlegg. Det er høve til å opparbeide biloppstillingsplass og garasje på eigen tomt der plan- og bygningslova gjev rom for dette. Eigedomar som ikkje ligg langs køyreveg har tilkomst via køyrbar gangveg.

Garasjar skal til vanleg ha maksimal mønehøgde 3,5 m frå garasjebolv. Der det ligg til rette for det, kan storleik og loft vurderast.”

Garasje kan tillatast oppført utanfor byggjesone med avstand minst 1 meter frå felles veg om den står parallelt med vegen, og minst 5 meter om garasjen står vinkelrett på vegen.

Ved utkøyrsel til køyrbar gangveg skal det vere fri sikt til midten av køyrebana 24 m i kvar retning. Siktkravet gjeld frå eit punkt 3 m inne i, og midt i, avkøyrsele. Eventuelle sikthindringar skal ikkje vere høgare enn 0,5 m over køyrebana på primærvegen.”

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Frekhaugmarka Vel
Grunneigarar innanfor reguleringsplanen
Komm.avd. for natur - næring og tekniske
tenester
Offentlege instanser m.fl.